

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 25.01.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Synnøve Teigeliid og Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** **Konsernbudsjett 2016, herunder investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett samt justering av inntektsramma til helseføretaka**

**ARKIVSAK:** 2016/2543/  
**STYRESAK:** 006/16

**STYREMØTE:** 10.02. 2016

### FORSLAG TIL VEDTAK

- Inntektsramma for 2016 som blei vedtatt under sak 114/15 B blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):
- 

Endringar i inntektsramma for 2016 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2016 sak 0114/15 B	6 150 301	3 228 697	9 864 443	2 653 843	4 285 961	26 183 245
<b>Justeringar av inntektsramme frå staten:</b>						
Tilskot til tumusteneste					-144	-144
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde					-2 113	-2 113
Partikkelterapi					-7	-7
Medisinske kvalitetsregister					6 579	6 579
Transporttilbod for psykisk sjuke					-29	-29
Kvalitetsbasert finansiering						0
Forsøksordning tannhelseteneste					5 900	5 900
						0
<b>Endringar i inntektsfordelinga til HF-a:</b>						
Arbeidsmedisinsk avdeling			31			31
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift				-42		-42
Pilotprosjekt likeverdige tenester (transkulturelt senter)	3 000				-3 000	0
Helse-Atlas				3 081	-3 081	0
Transporttilbod for psykisk sjuke	1 019	1 323	719	1 019	-4 080	0
Fritt behandlingsvalg somatikk	4 247	2 463	5 946	1 590	-14 246	0
Fritt behandlingsvalg psykiatri/rus	12 535	6 322	15 879	3 675	-38 410	0
Sysselsettingstiltak - Pumps & pipes	5 000				-5 000	0
Sysselsettingstiltak - Vedlikehald	79 700	28 200	65 100	12 200	-185 200	0
Styrking av vurderingseining for rehabiliteringssøknad			500		-500	0
Uttrekk verksemdsoverdraging Bjørkeli			-14 500		14 500	0
Oppdatering av fordelingsmodell KBF	494	228	883	-1 905	300	0
Kompensasjon for feil - KBF				1 905	-1 905	0
Justering av bestilling - Helse Stavanger	-6 312				6 312	0
Mindre korreksjonar i budsjett					-542	-542
Oppdatering inntektsmodell	23	26	-46	-3		0
<b>Sum endringar</b>	<b>99 705</b>	<b>38 562</b>	<b>74 512</b>	<b>21 520</b>	<b>-224 666</b>	<b>9 633</b>
<b>Oppdatert inntektsramme 2016</b>	<b>6 250 006</b>	<b>3 267 259</b>	<b>9 938 955</b>	<b>2 675 363</b>	<b>4 061 295</b>	<b>26 192 878</b>

### 3. Justert inntektsramme fordelt pr. helseføretak

INNTEKTSFORDELING 2016	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 736 663	820 569	2 801 330	590 456	-	5 949 019
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 499 928	1 883 693	5 250 087	1 610 764	0	12 244 472
Kvalitetsbasert finansiering	27 826	13 665	39 601	16 008		97 100
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	896 502	512 510	1 741 398	424 976	4 061 295	7 636 681
Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	89 087	36 822	106 539	33 158		265 606
SUM, inntekt 2016 fordelt frå RHF	6 250 005	3 267 259	9 938 955	2 675 363	4 061 295	26 192 878

### 4. Investeringsbudsjettet for 2016 blir fastsett som følgjer:

#### Samandrag investeringar (Budsjett 2016)

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	86 330	50 000	458 000	93 500	19 460			707 290
Medisinteknisk utstyr	133 000	30 000	157 000	24 000	6 450			350 450
IKT				2 200		260 000		262 200
Anna	54 000	10 000	112 000	9 600	200			185 800
Investeringar overført frå 2015	190 000							190 000
Sum investeringar 2016	463 330	90 000	727 000	129 300	26 110	260 000	0	1 695 740

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet i helseføretaka etter at resultatet for 2016 er fastsett. Dette må i så fall skje innafor gjeldande investeringsregime og behandlast av styret i dei respektive føretaka.

- Administrerande direktør kan foreta nødvendige mindre omdisponeringar av budsjettpostane innafor den totale budsjetttramma.
- Styret ber helseføretaka om å avdekke alle risikoområde for å nå resultatkravet og sørge for at det er sett i verk tiltak med tilstrekkeleg omfang, med god kvalitet og at tiltaka er fordelt ned på lågaste nivå med ansvarleg leiar.

## Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 10. desember 2015 sak 114/15 B Inntektsfordeling 2016 og resultatkrav 2016. Det vart fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2016:

### Inntektsramme

INNTEKTSFORDELING 2016	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	1 742 975	820 569	2 801 330	590 456	-	5 955 331
SUM, basisramme fordelt etter modell	3 499 928	1 883 693	5 250 087	1 610 764	0	12 244 472
Kvalitetsbasert finansiering	27 309	13 411	38 764	17 915		97 400
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	876 721	503 724	1 733 573	414 726	4 285 961	7 814 705
Øymerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	3 368	7 299	40 689	19 981		71 337
SUM, inntekt 2015 fordelt frå RHF	6 150 301	3 228 697	9 864 443	2 653 843	4 285 961	26 183 245

### Resultatkrav

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2016	80 000	40 000	170 000	7 000	14 000	1 000	0	312 000

Helseføretaka har med basis i inntektsramma 2016 behandla og vedtatt sine budsjett for 2016 i dei respektive styra. Helse Vest RHF legg med basis i desse vedtaka fram sak om konsernbudsjett 2016 samt investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett.

Denne saka vil og ta opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå eigar og som ikkje var innarbeida i sak om inntektsfordeling 2016. I tillegg er det fleire ufordelte postar frå desembersaka som no er føreslått fordelt på helseføretaka.

Oppdatert oversikt over inntektsramme 2016 og RHF budsjett 2016 følgjer vedlagt.

## Fakta

### 2. Inntektsramma frå staten

#### 2.1 Oversikt over inntekter frå staten

Inntektspostar som følgjer av oppdragsdokumentet er no innarbeida i inntektsramma i Helse Vest RHF. Dette inneber følgjande endring av inntektsramme frå staten samanlikna med sak 114/15 B:

(tal i heile tusen)	Kap. Post	Statsbudsjett 2016	Oppdragsdokument 2016	Endring
Kvalitetsbasert finansiering	732. 71	97 300	97 100	-200
ISF-inntekt (overslagsbevilgning)	732. 76	6 505 868	6 505 868	0
Basisramme	732. 73	19 074 231	19 074 231	0
Forskning og medisinske kompetansesenter	732. 78	149 100	148 750	-350
Omlegging av arbeidsgivaravgift	732. 70	27 800	27 758	-42
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar	732. 70	6 624	6 480	-144
Partikkelterapi	732. 70	4 082	4 075	-7
Klinisk multisenterstudie ME	732. 70	2 000	2 000	0
Legemiddelberedskap	732. 70	0	0	0
Langvarig smerte	732. 70	4 100	4 100	0
Dropouts	732. 70			
Prostataentre	732. 70			
Tilskot til helse- og rehabiliteringsteneste for sjukemelde	732. 79	113 039	110 957	-2 082
Klinisk multisenterstudie ME	781. 79	0	0	0
Transporttilbud for psykisk sjuke	732.70	4 100	4 080	-20
Forsøksordning tannhelsetjeneste	770.21	0	5 900	5 900
Medisinske kvalitetsregistre	701.71		6 579	6 579
Syssestellingstiltak - Pumps & Pipes	732.70	5 000	5 000	0
Syssestellingstiltak - vedlikeholdsinvesteringar	732.70	190 000	190 000	0
Sum, estimert inntekt frå staten		26 183 244	26 192 878	9 634

Den delen av poliklinisk verksemd som ikkje inngår i ISF-ordninga er ikkje med i inntektsfordelinga frå Helse Vest. Det er i oppdragsdokumentet lagt inn ei overslagsløyving på kr 821,5 mill. for 2016. Budsjettet legg til rette for ein vekst på 9% utover anslått nivå i 2015, basert på rekneskapstal frå januar til mai 2015.

## 2.2 Kvalitetsbasert finansiering

I inntektsfordelingsaka frå desembermøtet var det lagt til grunn eit for høgt anslag på kvalitetsbasert finansiering frå staten. Denne er nå justert i tråd med oppdragsdokument 2016.

I fordeling av kvalitetsbasert finansiering til helseføretaka var det i desembersaka tatt utgangspunkt i talgrunnlaget frå Helsedirektoratet. Det viste seg i ettertid at det var feil i talgrunnlaget og at dette fekk konsekvensar i fordelinga på helseføretaka samt samla sum som blei fordelt. Forskjellen er som følgjer (tal i hele tusen kroner):

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
Inntektsfordeling desembermøtet	27 309	13 411	38 764	17 915	97 400
Oppdatert fordeling	27 826	13 665	39 601	16 008	97 100
Awik	517	254	837	-1 907	-300

Administrerande direktør vil tilrå at ein no legg til grunn den oppdaterte fordelinga på helseføretaka. Dette inneber at Helse Førde får kr 1,9 mill. lågare inntekt medan dei andre helseføretaka får ein pluss jamført med desembersaka. Sida budsjetta no er landa i helseføretaka blir det her føreslått at Helse Førde får ein kompensasjon på kr 1,9 mill. gjeldande berre for 2016. Tilskotet blir dekt gjennom ein omprioritering i RHF budsjettet og ført tilbake igjen i 2017.

### **2.3 Tilskot til helse- og rehabiliteringsteneste for sjukemelde (Raskare tilbake)**

Ved framlegg av oppdragsdokumentet er tilskotet knytt til «raskare tilbake» om lag kr 2 mill. lågare enn det som Helse Vest la inn som anslag i inntektsfordelingssaka i desembermøtet. Tildelinga som følgjer av oppdragsdokumentet er no innarbeida i endeleg inntektsramme for 2016.

### **2.4 Forsøksordning tannhelseteneste**

Det er i oppdragsdokumentet lagt inn kr 5,9 mill. til forsøksordninga med tannhelsetenester på sjukehuset.

Føremålet er å bygge opp kunnskap av behovet for tannhelsetenester til innlagde pasientar på sjukehus. Midlane vil bli fordelt på eit seinare tidspunkt.

### **2.5 Medisinske kvalitetsregister**

Helse Vest er tildelt kr 6,6 mill. til nasjonal IKT for å sikre at dei nasjonale medisinske kvalitetsregistra får teke i bruk tekniske fellesløyser. Løysingane må tilfredstille felles krav og standardar, og vere samordna med det nasjonale arbeidet på helseregisterfeltet og e-helseområdet. Helseregisterprosjektet sin handlingsplan for 2014-2015 blir vidareført i 2016.

### **2.6 Helse- Atlas**

Helse Vest har i samarbeid med Helse Nord fått i oppdrag å utvikle ein nasjonal helseatlasteneste. Helse Førde har fått oppgåva i Helse Vest.

Hele Førde har etablert eit prosjekt og tilsett folk til å ivareta oppgåva. Helse Vest har gitt lovnad om eit tilskot på kr 3 mill. til prosjektet i 2016. Midlane er fordelt til Helse Førde.

### **2.7 Pilotprosjekt likeverdige tenester**

Helse Stavanger er peika ut til å gjennomføre eit pilotprosjekt for likeverdige tenester. Etter søknad frå Helse Stavanger blir det føreslått at prosjektet blir forlenga og det er sett av kr 3 mill. i 2016. Midlane er fordelt til Helse Stavanger.

### **2.8 Transporttilbod psykisk sjuke**

Det vart i 2015 lagt inn kr 4 mill. knytt til transporttilbod for psykisk sjuke. Midlane er vidareført i 2016 justert for løns- og prisvekst. Beløpet utgjer kr 4,1 mill. i 2016. Midlane er no innarbeida i endeleg inntektsramme for 2016

### **2.9 Fritt behandlingsval**

I 2015 og 2016 er det sett av kr 38,4 mill. til fritt behandlingsval innanfor rus og psykiatri samt kr 14,2 mill. til utvalte områder innanfor somatikk. Samla budsjett for 2016 utgjer kr 52,6 mill. For midla knytt til somatikk er det nytta somatikknøkkelen i inntektsfordelingsmodellen. For midla knytt til rus og psykiatri er det nytte eit vekta gjennomsnitt av fordelingsnøklane til psykiatri og rus. Midlane er no innarbeida i endeleg inntektsramme for 2016.

### **2.10 Sysselsettingstiltak – Pumps & pipes**

Helse Stavanger har i samarbeid med andre kunnskapsmiljø i regionen, næringslivet og Stavanger-regionen etablert initiativet Norwegian Pumps & Pipes med målsetting om å auke teknologioverføring frå olje og gass til helse og omsorg. Som eit ledd i regjeringa si tiltakspakke for auka sysselsetting er det gitt eit tilskot for 2016 på kr 5 mill. Midlane er fordelt til Helse Stavanger og inntektene må førast i takt med bruken.

### **2.11 Klinisk multisenterstudie ME**

Det blei i 2015 gitt eit tilskot på kr 2 mill. til nasjonal klinisk multisenterstudie av CFS/ME leia av Helse Vest. Tilskotet blir vidareført i 2016. Midlane er tildelt Helse Bergen og blir utbetalt når utbetalingsplan er avklart.

### **2.12 Tilskot til habilitering/rehabilitering**

Vurderingseininga for rehabiliteringssøknadar er styrka med kr 0,5 mill. Tilskotet er fordelt til Helse Bergen.

### **2.13 Sysselsettingstiltak – Vedlikehald**

Helse Vest er tildelt eit eittårig tilskot til auka sysselsetting på kr 190 mill. Pengane skal nyttast til vedlikehaldstiltak som ikkje vil bli gjort i dette året utan ekstra midlar. Fordelinga mellom helseføretaks områda er gjort etter ein modell som tek omsyn til inntektsfordeling, arbeidsløysa i november 2015 og veksten i arbeidsløysa frå november 2014 til november 2015. Helse Vest har i eigne brev etterspurt aktuelle tiltak frå dei fire sjukehus HF-a i regionen og private ideelle institusjonar.

Helse Vest har med basis i dei føringane som er lagt ovanfor tildelt midlane på følgjande måte:

Helse Stavanger	kr 79,7 mill.
Helse Fonna	kr 28,2 mill.
Helse Bergen	kr 65,1 mill.
Helse Førde	kr 12,2 mill.
Jæren DPS	kr 1,4 mill.
Haraldsplass	kr 2,0 mill.
HRS, Haugesund	kr 1,4 mill.

Helseføretaka må rapportere på bruken av midlane. Helse Vest vil kome tilbake med eit opplegg for rapportering på bruken av midlane.

### **2.14 Uttrekk verksemdsoverdraging NKS Bjørkeli**

Voss DPS har inntil 01.01.16 bestått av to organisatoriske einingar. Døgn- og dagtilbud har vore ved NKS Bjørkeli (privat ideell) og poliklinikken ved Voss sjukehus og Helse Bergen.

Frå 01.01.16 er dei to einingane slått saman til Voss DPS – NKS Bjørkeli. Det betyr at drifta av poliklinikken er overdratt frå Helse Bergen til NKS Bjørkeli. Det gir ein organisatorisk samla DPS-funksjon. Det er i neste omgang også planlagt ein fysisk samlokalisering.

Midlane knytt til drift av poliklinikken blir overført frå Helse Bergen til Helse Vest og lagt inn i bestillinga for 2016 til Voss DPS – NKS Bjørkeli. Samla beløp som blir overført frå Helse Bergen til NKS Bjørkeli er på kr 14,5 mill.

### **2.15 Justering DRG**

Helse Stavanger har i etterkant av budsjettsaka frå desembermøtet fremja ønske om å justere ned bestillinga på tal DRG poeng med 300 som følgje av omlegging frå døgn- til dag, og dag- til poliklinisk behandling. Helse Vest har derfor justert ned overslagsløyvinga for ISF inntekt med kr 6,3 mill. Det er samstundes gjort ei tilsvarende oppjustering av ufordelte DRG poeng slik at den samla DRG bestillinga for Helse Vest samsvarar med bestillinga frå HOD.

### **2.16 Mindre justeringar**

I oppdragsdokumentet er det gjort mindre justeringar på nokre postar. Desse endringane er innarbeida i inntektsfordelinga til helseføretaka der det er relevant.

### **2.17 Samla endringar i inntektsfordelinga**

Dei samla endringane som er omtalt ovanfor vil påverke inntektsfordelinga til helseføretaka og RHF-et på følgjande måte:

Endringer i inntektsramma for 2016 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2016 sak 0114/15 B	6 150 301	3 228 697	9 864 443	2 653 843	4 285 961	26 183 245
<b>Justeringar av inntektsramme frå staten:</b>						
Tilskot til tumusteneste					-144	-144
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde					-2 113	-2 113
Partikkelterapi					-7	-7
Medisinske kvalitetsregister					6 579	6 579
Transporttilbod for psykisk sjuke					-29	-29
Kvalitetsbasert finansiering						0
Forsøksordning tannhelseteneste					5 900	5 900
						0
<b>Endringar i inntektsfordelinga til HF-a:</b>						
Arbeidsmedisinsk avdeling			31			31
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift				-42		-42
Pilotprosjekt likeverdige tenester (transkulturelt senter)	3 000				-3 000	0
Helse-Atlas				3 081	-3 081	0
Transporttilbod for psykisk sjuke	1 019	1 323	719	1 019	-4 080	0
Fritt behandlingvalg somatikk	4 247	2 463	5 946	1 590	-14 246	0
Fritt behandlingvalg psykiatri/rus	12 535	6 322	15 879	3 675	-38 410	0
Syssestellingstiltak - Pumps & pipes	5 000				-5 000	0
Syssestellingstiltak - Vedlikehald	79 700	28 200	65 100	12 200	-185 200	0
Styrking av vurderingseining for rehabiliteringssøknad			500		-500	0
Uttrekk verksemdsoverdraging Bjørkeli			-14 500		14 500	0
Oppdatering av fordelingsmodell KBF	494	228	883	-1 905	300	0
Kompensasjon for feil - KBF				1 905	-1 905	0
Justering av bestilling - Helse Stavanger	-6 312				6 312	0
Mindre korreksjonar i budsjettet					-542	-542
Oppdatering inntektsmodell	23	26	-46	-3		0
Sum endringar	99 705	38 562	74 512	21 520	-224 666	9 633
Oppdatert inntektsramme 2016	6 250 006	3 267 259	9 938 955	2 675 363	4 061 295	26 192 878

I vedlegg 1 til denne saka følgjer oppdatert oversikt over inntektsfordeling til HF-a for 2016 samt vedlegg 2; oppdatert budsjett "Kjøp av helsetenester".

### 3. Konsernbudsjett 2016

Helseføretaka har med basis i sak 114/15 B Inntektsfordeling 2016 og resultatkrav 2016, fatta vedtak om budsjett 2016 i sine respektive styre. Resultatkravet er uforandra og er som følgjer:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2016	80 000	40 000	170 000	7 000	14 000	1 000	0	312 000



Med basis i helseføretaka sine budsjett blir konsernbudsjett 2016 som følger:

Tal i heile mill.	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	Kjøp av helsetenester	Helse Vest administrasjon	Eliminering	Konsern
<b>Driftsinntekter</b>										
Basisramme	4 404,0	2 408,1	7 056,1	2 043,4	-	12,4	18 951,1	123,1	-15 924,0	19 074,2
ISF inntekter	1 736,7	820,6	2 804,7	611,6	-	-	6 505,9	-	-5 973,5	6 505,9
Polikliniske inntekter og egenbetaling	245,9	127,6	577,8	94,1	-	-	821,5	-	-740,0	1 126,9
Andre inntekter og tilskudd	447,5	96,7	1 025,3	146,3	1 059,8	895,7	612,8	-	-1 620,5	2 663,6
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>6 834,0</b>	<b>3 453,0</b>	<b>11 463,9</b>	<b>2 895,4</b>	<b>1 059,8</b>	<b>908,1</b>	<b>26 891,3</b>	<b>123,1</b>	<b>-24 258,0</b>	<b>29 370,6</b>
Varekostnader	1 165,0	524,4	1 306,6	447,2	832,8	25,0	26 351,3	-	-23 362,3	7 290,0
Personalkostnader	4 599,5	2 333,9	7 870,2	1 893,1	153,2	275,6	-	72,2	-	17 197,7
Andre driftskostnader	735,2	422,1	1 647,1	444,8	56,4	388,1	600,0	50,9	-895,7	3 449,0
Avskrivninger	244,0	132,8	450,0	101,2	4,7	210,4	-	-	-	1 143,0
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>6 743,7</b>	<b>3 413,2</b>	<b>11 273,9</b>	<b>2 886,3</b>	<b>1 047,1</b>	<b>899,1</b>	<b>26 951,3</b>	<b>123,1</b>	<b>-24 258,0</b>	<b>29 079,7</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>90,3</b>	<b>39,8</b>	<b>190,0</b>	<b>9,1</b>	<b>12,7</b>	<b>9,0</b>	<b>-60,0</b>	<b>-</b>	<b>-0,0</b>	<b>290,9</b>
Finansinntekter	-	2,6	-	1,4	1,4	1,0	60,0	-	-	66,4
Finanskostnader	10,3	2,4	20,0	3,5	0,1	9,0	-	-	-	45,3
<b>Finansresultat</b>	<b>-10,3</b>	<b>0,2</b>	<b>-20,0</b>	<b>-2,1</b>	<b>1,3</b>	<b>-8,0</b>	<b>60,0</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>21,1</b>
<b>Resultat</b>	<b>80,0</b>	<b>40,0</b>	<b>170,0</b>	<b>7,0</b>	<b>14,0</b>	<b>1,0</b>	<b>-0,0</b>	<b>-</b>	<b>-0,0</b>	<b>312,0</b>

I konsernsamanstillinga er det gjort ei forenkla eliminering for konserninterne transaksjonar. Dette er i hovudsak knytt til ISF inntekt og basisramme i føretaka. I tillegg er det eliminert for interne inntekter i Helse Vest IKT og Sjukehusapoteka Vest.

Det vil bli endringar både på inntekts- og kostnadssida når helseføretaka har fått innarbeida alle tiltak samt eksternfinansierte oppgåver. Dette vil likevel ikkje påverke resultatet.

#### 4. Investeringsbudsjett 2016

Styret i Helse Vest behandla i møte den 18/6-2015 sak 061/15 B Langtidsbudsjett 2016-2020. I denne er det mellom anna fastsett resultatkrav i kommande 5 års periode som er nødvendig for å kunne handtere investeringsbehovet i føretaksgruppa. Saka gir ein oversikt over investeringsbehovet og det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar. Dei årlege investeringsbudsjetta må handterast i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta. I samband med behandlinga av konsernbudsjett 2016 blir det i denne saka og fastsett investeringsramme for føretaka i 2016. Endeleg investeringsbudsjett må behandlast i helseføretaka med basis i det endelege resultatet for 2015 samt dei føringane som blir lagt i denne saka.

Det samla investeringsbudsjettet for 2016 blir som følger:

#### Samandrag investeringar (Budsjett 2016)

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	86 330	50 000	458 000	93 500	19 460			707 290
Medisinteknisk utstyr	133 000	30 000	157 000	24 000	6 450			350 450
IKT				2 200		260 000		262 200
Anna	54 000	10 000	112 000	9 600	200			185 800
Investeringar overført frå 2015	190 000							190 000
<b>Sum investeringar 2016</b>	<b>463 330</b>	<b>90 000</b>	<b>727 000</b>	<b>129 300</b>	<b>26 110</b>	<b>260 000</b>	<b>0</b>	<b>1 695 740</b>

Det finansielle grunnlaget for gjennomføring av investeringar i 2016 er lagt inn med følgjande føresetnad:

#### Kontantstrøm til å dekke investeringar i 2016:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Resultat til styrking av finansieringsgrunnl	80 000	40 000	170 000	7 000	14 000	1 000	0	312 000
+ Avskrivning	244 000	132 777	450 000	101 150	4 712	210 389		1 143 028
+ Nedskrivning anleggsmidlar	0	0						0
= Kontantstraum frå drifta	324 000	172 777	620 000	108 150	18 712	211 389	0	1 455 028
+/- Førebels resultatavvik 2015	-15 000	0	0	10 000	-	-1 000	340 000	334 000
+ Nedskrivning 2015	0				-			0
+ Opptak av nye lån, Busp 1-2			217 000		-			
- Avdrag lån	-53 000	-15 085	-68 000	-10 370				-146 455
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-25 700	-6 069	-31 000	-7 100	-	69 869		0
+ Sal av anleggsmidlar		1 162	15 000		-			16 162
+/- Likviditet overført frå 2015	181 531	125 261	-95 000	-2 233	7 400		235 000	451 959
+/- annet	25 000	0						25 000
<b>Finansielt grunnlag</b>	<b>436 831</b>	<b>278 046</b>	<b>658 000</b>	<b>98 447</b>	<b>26 112</b>	<b>280 258</b>	<b>575 000</b>	<b>2 135 694</b>
+ Interne lån overført fra tidlegare år	75 000		100 000	60 000			-235 000	0
+ Internt lån 2016								0
<b>Finansieringsgrunnlag investeringar inkl interne lån</b>	<b>511 831</b>	<b>278 046</b>	<b>758 000</b>	<b>158 447</b>	<b>26 112</b>	<b>280 258</b>	<b>340 000</b>	<b>2 135 694</b>
<b>Investeringsplanar i HF-a</b>	<b>463 330</b>	<b>90 000</b>	<b>727 000</b>	<b>129 300</b>	<b>26 110</b>	<b>260 000</b>	<b>0</b>	<b>1 695 740</b>

#### 4.1 Helse Stavanger

Helse Stavanger har eit finansielt grunnlag til gjennomføring av investeringar i 2016 på kr 511,8 mill.

Det er lagt til grunn at resultatet i 2015 blir omlag kr 15 mill. dårlegare enn budsjettet. Endringar i endeleg resultat vil endra det finansielle grunnlaget tilsvarande.

Helse Stavanger er tidlegare tildelt 2 lån på til saman kr 75 mill. Føretaket har lagt til grunn at desse låna blir overført til 2016.

Sjukehusutbyggingsprosjektet er det største enkeltprosjektet i 2016. Investeringane i 2016 er estimert til kr 86,3 mill. Kostnadane i 2016 består i hovudsak av kjøp av tenester frå arkitekt/ingeniørar, samt Sjukehusbygg HF. I tillegg kjem prosjektkontoret som utgjer ein liten del.

Helse Stavanger har elles eit etterslep på investeringar frå 2015 på kr 190 mill. Desse investeringane var ikkje innarbeida i budsjettet som blei behandla av Helse Stavanger-styret i desembermøtet. Desse investeringane er no overført til investeringsramma for 2016 med tilhøyrande likviditet.

Helse Stavanger har med bakgrunn i dette eit finansielt grunnlag for følgjande investeringsramme i 2016:

Investeringar 2016:	
Sjukehusutbygging	86 330
Overført fra 2015	
Sum bygg	86 330
MTU	133 000
Annet bygg og diverse investeringar	54 000
Investeringar overført frå 2015	190 000
Sum investeringar	463 330

## 4.2 Helse Fonna

Helse Fonna har i 2016 eit finansieringsgrunnlag for handtering av investeringar på om lag kr 278 mill.

Det er lagt til grunn at føretaket leverer eit resultat for 2015 i tråd med resultatkravet. Endringar i resultatet vil påverke det finansielle grunnlaget tilsvarande.

Helse Fonna har i sitt investeringsbudsjett for 2016 lagt inn følgjande rammer fordelt på hovudpostar:

Investeringar 2016:	
Bygg	50 000
MTU	30 000
Andre investeringar	10 000
Sum investeringar	90 000

Med eit investeringsbudsjett på kr 90 mill. vil Helse Fonna overføre kr 188 mill. av finansieringsgrunnlaget til 2017 og framtidige investeringar.

## 4.3 Helse Bergen

Helse Bergen har i 2016 eit finansieringsgrunnlag på om lag kr 758 mill., med føresetnad om at resultatet for 2015 er i tråd med resultatkravet.

Føretaket er tildelt lån frå staten til finansiering av nytt senter for barn og unge ved Helse Bergen (BUSP).

Trinn 1 av prosjektet har ein samla investeringskostnad på om lag kr 1,4 mrd. og blir ferdigstilt i 2016. Trinn 2 av prosjektet har ein samla investeringskostnad på om lag kr 3.4 mrd. Det er i 2016 tildelt kr 160 mill. i lån til trinn 2.

Helse Bergen er i 2015 tildelt eit internt lån på kr 100 mill. Føretaket har lagt til grunn at dette lånet blir overført til 2016.

I investeringsplanen for 2016 er følgjande store prosjekt prioritert inn:

Investeringar 2016:	
Investering bygg ekskl. BUSP	149 000
BUSP trinn 1	269 000
BUSP trinn 2	40 000
Sum bygg	458 000
MTU	157 000
Andre investeringar	112 000
Sum investeringar	727 000

#### 4.4 Helse Førde

Helse Førde har eit samla finansielt grunnlag på om lag kr 158 mill. Det er lagt til grunn at føretaket leverer eit resultat på om lag 10 mill. betre enn budsjett. I det finansielle grunnlaget ligg det eit internt lån frå 2011 på kr 60 mill. som føretaket fram til no ikkje har bedt om å få utbetalt. Føretaket har no i sitt likviditetsbudsjett lagt til grunn at dette lånet blir utbetalt i første halvår 2016. Midlane blir derfor overført til 2016.

Helse Førde har i sitt investeringsbudsjett for 2016 lagt inn følgjande rammer fordelt på hovudpostar:

Investeringar 2016:	
Bygg	93 500
MTU	24 000
IKT utstyr	2 200
Andre investeringar	9 600
Sum investeringar	129 300

#### 4.5 Helse Vest IKT

Helse Vest IKT har gjennom avskrivningar og resultat eit finansieringsgrunnlag til investeringar på om lag kr 211,4 mill. Dette er ikkje tilstrekkeleg for å dekke heile investeringsbehovet innanfor IKT. Derfor må helseføretaka i tillegg stille likviditet til disposisjon for Helse Vest IKT til å gjennomføre den samla investeringsplanen. Totalt er tilførselen av likviditet frå helseføretaka til Helse Vest IKT på om lag kr 70 mill. Det finansielle grunnlaget utgjer med dette kr 280,3 mill. Samla investeringsplan i 2016 er på kr 260 mill.

#### 4.6 Sjukehusapoteka

Sjukehusapoteka Vest har eit finansieringsgrunnlag i 2016 på kr 26,1 mill. Det samla investeringsbudsjettet for 2016 er sett til kr 26,1 mill.

#### 4.7 Helse Vest RHF


Det samla finansieringsgrunnlaget til Helse Vest RHF er på om lag kr 340 mill.

Administrerende direktør vil komme tilbake med styresak der ein eventuelt tilrår om delar av den frie likviditeten skal styrast inn mot prioriterte områder/prosjekt på eit seinare tidspunkt.

## 5. Førebels likviditetsbudsjett 2016

Den samla driftskredittramma til Helse Vest ved inngangen til 2016 er på kr 1171 mill. Denne vil bli satt ned med kr 826 mill. og vil ved utgangen av året vere på 345 mill.

Helseføretaka har utarbeidd førebels likviditetsbudsjett som er vist i grafen under:



Driftskredittramma er tilstrekkeleg for å dekke likviditetsbehovet.

Endringar i pensjonskostnaden for 2016 vil kunne påverke likviditeten i føretaksgruppa. Helse Vest legg til grunn at dette på same måte som tidlegare år blir handtert av Helse- og omsorgsdepartementet. Dette er eit forhold som administrerende direktør vil komme tilbake til på eit seinare tidspunkt.

Det er og usikkerheit knytt til framdrift på investeringar samt andre transaksjonar som kan gi store perodesvingingar på likviditeten. Dette inneber at likviditeten periodevis kan avvike i forhold til det som her er budsjettert. Under føresetnad av at helseføretaka klarer å levere eit resultat i tråd med resultatkravet, vil likviditeten i 2016 vere tilfredsstillande i forhold til driftskredittramma. Dersom det blir avvik i resultatet vil dette bli følgt opp, og om nødvendig må ein gjennomføre tiltak for å sikre tilfredsstillande likviditet i føretaksgruppa.

## Vedlegg 1

<b>INNETKTSFORDELING 2016</b>	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering (inkl. dyre medisinar)	1 664 921	793 935	2 865 646	561 622		5 886 124
ISF-pasientar behandla i andre regionar	104 699	32 055	53 596	42 585		232 936
ISF-pasientar behandla for andre regionar	-32 958	-5 421	-117 911	-13 751		-170 041
<b>SUM, ISF</b>	<b>1 736 663</b>	<b>820 569</b>	<b>2 801 330</b>	<b>590 456</b>	<b>-</b>	<b>5 949 019</b>
<b>SUM, basisramme fordelt etter modell</b>	<b>3 499 928</b>	<b>1 883 693</b>	<b>5 250 087</b>	<b>1 610 764</b>	<b>0</b>	<b>12 244 472</b>
<b>Kvalitetsbasert finansiering</b>	<b>27 826</b>	<b>13 665</b>	<b>39 601</b>	<b>16 008</b>		<b>97 100</b>
<b>SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)</b>	<b>896 502</b>	<b>512 510</b>	<b>1 741 398</b>	<b>424 976</b>	<b>4 061 295</b>	<b>7 636 681</b>
<b>Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):</b>	<b>89 087</b>	<b>36 822</b>	<b>106 539</b>	<b>33 158</b>		<b>265 606</b>
<b>SUM, inntekt 2016 fordelt frå RHF</b>	<b>6 250 005</b>	<b>3 267 259</b>	<b>9 938 955</b>	<b>2 675 363</b>	<b>4 061 295</b>	<b>26 192 878</b>
<b>*) Spesifikasjon av postar utanfor modell</b>	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme Helse Vest RHF					4 061 295	4 061 295
Internt lab-/røntgenoppgjør	-7 039	-10 923	25 881	-7 919		0
Regional eining for rehabilitering ved alvorleg hovudskade			13 542			13 542
Strukturtilskot		28 831		59 618		88 449
Styrking av rusområdet samt overtaking av LAR	62 440	36 994	76 268	23 720		199 421
LAR Helse Bergen			5 638			5 638
Utskrivingsklare pasientar, uttrekk frå Haraldsplass			11 276			11 276
Nevrokirurgisk verksemd			7 760			7 760
PET-senter	13 000		0			13 000
PET-skanner - endring refusjonssystem 1/7-14 (heilårseffekt)			6 717			6 717
Pensjonskostnad	759 285	423 602	1 328 700	308 577		2 820 164
Tilskot til utdanning	14 974	7 494	128 673	5 673		156 814
Kompetansetenester:						
Regionale kompetansetenester (NY FORDELING)	13 577		38 534			52 111
Nasjonale kompetansetenester finansiert av rammen			9 847			9 847
Tidlegare kompetansetenester overført til drift			5 956			5 956
Tidlegare øyremerkte midlar frå HOD overført til ramma		822	3 295			4 116
Radio Medico - medisinsk rådgivingsteneste for skip			6 170			6 170
Regionalt tverrfagleg kompetansemiljø for astma og allergi			846			846
Tilstadevakt - beredskap, Solabasen og Florø	7 912			7 912		15 824
Kompetanse og nettverksbygging "Kropp og sjølvkjensle" - spiseforstyrning			2 464			2 464
Pasienttransport	9 151	9 108	11 670	12 399		42 328
Vurderingseining for inntak til private rehasinstitusjonar			2 988			2 988
Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF			29 394			29 394
Nye nasjonale behandlingstenester			5 920			5 920
Helseradionett	140	148	159	215		661
Døgntilbod øyeblikkeleg hjelp i kommunane	0	0	0	0		0
ME-poliklinikkar Stavanger og Bergen	1 092		1 092			2 183
Utdanningsstillingar geriatri	2 255					2 255
Legeambulanse		4 367				4 367
Veiledningsordning for barn og unge med spiseforstyrrelse			491			491
Etablering av soningseining for dei under 18 år			1 121			1 121
Narkotikaprogram med domstolskontroll			2 136			2 136
Rusmeistringseining ved fengsla i Stavanger og Bergen	786		786			1 571
System for innføring av nye metoder			1 270			1 270
<b>Pilotprosjekt likeverdige tenester (transkulturelt senter)</b>	<b>3 000</b>					<b>3 000</b>
<b>Helse-Atlas</b>				<b>3 081</b>		<b>3 081</b>
<b>Fritt behandlingsvalg Somatikk</b>	<b>4 247</b>	<b>2 463</b>	<b>5 946</b>	<b>1 590</b>		<b>14 246</b>
<b>Fritt behandlingsvalg Psykiatri/rus</b>	<b>12 535</b>	<b>6 322</b>	<b>15 879</b>	<b>3 675</b>		<b>38 410</b>
<b>Uttrekk verksemdsoverdraging Bjørkeli</b>			<b>-14 500</b>			<b>-14 500</b>
<b>Styrking av rehabiliteringstenestene</b>			<b>500</b>			<b>500</b>
<b>Kompensasjon feil i KBF i desembersaka (gjelder berre 2016)</b>				<b>1 905</b>		<b>1 905</b>
Barn som pårørende	423	3 282	3 388	423		7 517
Bibliotektenester Helse Stavanger	-4 600					-4 600
Pasientrapporterte data			500			500
Kreftstrategi - Vardesenter og pusterom	1 201		1 092			2 292
Drop outs	2 126					2 126
Dagkirurgi Norfjordeid sjukehus				4 108		4 108
<b>SUM, basisramme fordelt utanfor modell</b>	<b>896 502</b>	<b>512 510</b>	<b>1 741 398</b>	<b>424 976</b>	<b>4 061 295</b>	<b>7 636 681</b>

		Stavanger	Fonna	Bergen	Helse Førde	RHF	SUM
<b>Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):</b>							
Kompensasjon for arbeidsgivaravgift	Kap. 732.70		7 299	520	19 939		27 758
Nasjonale kompetansenester	Kap. 732.78	3 368		29 100			32 468
Arbeidsmedisinsk avdeling (inkludert i "raskere tilbake")	Kap. 732.79			7 000			7 000
Langvarig smerte - pilotprosjekt	Kap. 732.70			4 100			4 100
<b>Transporttilbod for psykisk sjuke</b>	Kap.732.70	<b>1 019</b>	<b>1 323</b>	<b>719</b>	<b>1 019</b>		4 080
<b>Syssettingstiltak Pumps &amp; pipes</b>	Kap.732.70	<b>5 000</b>					5 000
<b>Syssettingstiltak - Vedlikehald</b>	Kap.732.70	<b>79 700</b>	<b>28 200</b>	<b>65 100</b>	<b>12 200</b>		185 200
<b>Sum øyremerkte midlar frå HOD</b>		<b>89 087</b>	<b>36 822</b>	<b>106 539</b>	<b>33 158</b>	<b>0</b>	<b>265 606</b>
<b>SUM, tildelt inntekt 2016 frå RHF</b>		<b>6 250 005</b>	<b>3 267 259</b>	<b>9 938 955</b>	<b>2 675 363</b>	<b>4 061 295</b>	<b>26 192 878</b>
<b>Endring av inntektsramme til HF-a som følge av gjestepasientoppgjjer:</b>							
Kostnad, eksternt gj.pas.oppgjjer		-167 519	-51 288	-85 754	-68 136		-372 697
Fakturering av gjestepasientar andre regionar		52 732	8 674	188 658	22 001		272 066
Kostnad, rus gjestepasientar (estimat)		-12 663	-9 825	-29 475	-4 039		-56 002
Kostnad, kjøp av kurdøgnplassar (estimat)		-14 519	-11 462	-32 750	-7 423		-66 154
Kostnad, kjøp frå Feiring (estimat)		-6 878	-7 642	-7 642	-4 367		-26 528
<b>SUM, inntektsramme i HF-a</b>		<b>6 101 160</b>	<b>3 195 715</b>	<b>9 971 993</b>	<b>2 613 399</b>	<b>4 061 295</b>	<b>25 943 562</b>

## Vedlegg 2

	Budsjett 2016
<b>Kjøp av helsetjenester innenfor "sørge for ansvaret"</b>	
Tilskot til influensasenteret i Bergen	3 186
Driftsavtaler - somatikk og psykisk helse	1 531 299 <sup>1</sup>
Driftstilskot private legespesialistar og kliniske psykologar	216 420
Driftsavtaler - rusområdet	453 600
Pensjon apoteka, IKT og RHF	42 408
Andre avtaler	2 465
Lab/røntgen, offentlig	57 799
Lab/røntgen, privat	122 442
Luftambulansen	138 244
DRG poeng Bergen Legevakt	30 659
Ufordelte DRG poeng	83 531
Kjøp, private	101 342
<b>SUM</b>	<b>2 783 395</b>
<b>Tilskuddsordinger</b>	
Regionsjukehusstilskot, Bergen Legevakt	492
Tilskot, brukarorganisasjonar	9 766
Studenthelseteneste	4 252
Regionalt brukarutval	1 130
<b>SUM</b>	<b>15 640</b>
<b>Tilbakeholdte midlar/fordelast direkte fra RHF</b>	
Tilskot til forskning	181 921
Tilskot til Helseforetakenes senter for pasientreiser ANS	32 222
Norsk Pasientskadeerstatning	237 914
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar	6 480
Helseforetakenes driftsorganisasjon HF - Nødnett	34 843
Nasjonal IKT	29 000
Kvalitetsregistre	44 300
Habilitering/rehabilitering	191 594
Avskrivning bygg Jæren DPS	5 002
Regionale og nasjonale fellesprosjekt	56 130
Tillitsvalde	4 043
Regionale fellesløyningar	9 669
Regional innkjøpsløyning	0
Kvalitet og pasienttryggleik	28 069
Tilskot til helse- og rehabiliteringstenester for sjukemelde	103 957
Eldremedisin og samhandling	0
Transkulturelt senter	0
"Housing first" busetting av vanskelegstilte	573
Pasientsikkerhetskampanje	0
Dropouts	0
Prostataentre	3 286
System for innføring av nye metoder	0
Satsingar som blir fordelt seinare	6 006
Helse atlas	0
Klinisk multisenterstudie ME	2 000
Legemiddelberedskap	1 000
Langvarig smerte	0
Forsøksordning tannhelsetjeneste	5 900
Partikkelterapi	4 075
IKT og MTU	50 189
Medisinske kvalitetsregistre	6 579
Kompetansetenester - frikjøp	2 000
Felles regionale kompetanseplaner	2 000
Kompetansetenester - omdisponering	1 725
Dagkirurgi Nordfjordeid-investeringstilskot	0
Transporttilbod for psykisk sjuke	0
Fritt behandlingsvalg	0
Sykehusbygg	9 100
Sysselsettingstiltak - Pumps & Pipes	0
Sysselsettingstiltak - Vedlikehold	0
Nukleær medisin	7 600
Overskot i RHF-et	0
Reserve	132 000
<b>SUM</b>	<b>1 199 176</b>
Renteinntekt i RHF-et	-60 000
<b>Helse Vest morselskap</b>	
Administrasjon Helse Vest - kostnadsramme	123 084
<b>SUM</b>	<b>4 061 295</b>